


Fra: Post Alver byggesak <byggesak@alver.kommune.no>
Sendt: mandag 27. februar 2023 13:38
Til: jimmy.monsen@parker.com
Emne: Vedrørende innbytterbenk ved tribune fotballbane på Lindås - gbnr 108/1/49
Vedlegg: NKF rettleiar kva er unntatt og kva må du søke om.pdf

Til Jimmy Monsen

Vi viser til dykker henvending og til telefon og teams samtale 27.02.2023.

De har sendt inn følgjande kart som syner plassering av planlagd innbytterbenk.



Planlagd tiltak er tenkt plassert innanfor rød skravur.

Det aktuelle arealet er omfatta av reguleringsplan: Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad/planid.: 1263-199001, avsett som planområde friområde 2. Vår vurdering er at etablering av innbytterbenk ved fotballbane/tribune vil vere i samsvar med arealføremålet.

Tiltaka krev truleg ikkje søknad, men uten å ha inn teikningar som syner omfanget på desse så kan vi ikkje svare, vi legg ved rettleier frå NKF med omsyn til søknadsplikt sjå vedlegg.

Vi gjere for ordens skuld merksam på at denne henvendelsen er svart ut med den informasjonen kommunen hadde tilgjegeleg på svar tidspunktet. Det er i svaret ikkje tatt stilling til sjølve tiltaket, men gjort ei generell veiledning som ikkje er bindande for vidare sakshandsaming. Ynskjer du meir konkret informasjon og vurdering av dykker tiltak, kan dykk bestille førehandskonferanse her:

[https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-bygge-endre-eller-
rive/forehandskonferanse/](https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-bygge-endre-eller-rive/forehandskonferanse/)

Om du ynskjer at nokon skal sjekke kvaliteten på søknaden eller hjelpe til å ferdigstille søknaden, må du kontakte fagfolk. Viss du synast heile søknadsprosessen er vanskeleg vil vi anbefale deg å kontakte eit ansvarleg føretak (byggmeister / arkitekt) som kan hjelpe deg med dette. Det vil spare deg for mykje tid og eventuelle problem i søknadsprosessen.

Vi gjer merksam på at ved mangelfulle søknader vil det oppstå ekstra kostnader og lengre sakshandsamingstid. Vi anbefaler at det blir gjort ein grundig jobb med søknaden før den blir sendt inn, slik at sjølve handsamingsprosessen går raskare.

Vi anbeflar at dykk også nyttar <https://dibk.no/bygge-eller-endre/>.

Vennleg helsing

Elin H. Molvik | Rådgjevar bygesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

